

# Referat frå regionårsmøte i Salem, 27. april 2024

## Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

- Innkalling godkjent
- Sakliste godkjennast med følgande endring:
  - Val av valnemnd gjerast før rekneskap
  - Helsing frå hovudstyret og presentasjon av handlingsplan gjerast i valas tellepausar

## Sak 2 Konstituering

- a) Ordstyrarar: Åshild Johansen og Erik Waaler
- b) Referantar: Malvin Ommedal og Hanne Nordpoll Soltveit
- c) Protokollunderskrivarar: Sidsel Haaland og Bård Hauge
- d) Fullmaktsnemnda: Anne Ingrid Alme, Trond Kråvik, Ingebrig Nørbakken, Øystein Rønhovde, Leif Birger Sortland, Oddvar Torget
- e) Teljekorps: Torbjørn Ek, Kristian Gangstø, Astrid Hauge, Ragnhild Naterstad, Paul Reidar Odeh, Solveig Bartun Rob

Det var registrert 95 røysteføre.

## Sak 3 Årsmeldingar

### Presentasjon av årsmeldinga for Misjonssambandet Vest ved regionleiar Olav Rune Skutlaberg.

Regionen har i dag 31 tilsette i ca. 17 årsverk

Gjenbruksbutikkane er ei stor velsigning. Butikken i Åsane er nettopp flytta frå Haukeland til nye, store lokalar.

#### Kommentarar og spørsmål:

Ingen kommentarar eller spørsmål

#### Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjent

### Presentasjon av Årsmeldinga for Barne- og Ungdomsarbeidet i Region Vest ved Ungleiar Marta Sortland Leodo.

Stabilt arbeid, drive på ulike måtar. Oversikta viser nedgang i lag. Dette skuldast ikkje nedlegging av lag i distriktet, men er knytt til endringar i forsamlingane. Har i løpet av året hatt 39 leirarrangement. 10 i regi av Lyngmo, resten i Ung-avdelinga.

#### Kommentarar og spørsmål:

Ingen kommentarar eller spørsmål

#### Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjent

## Sak 4 Rekneskap

Presentasjon av rekneskapet ved administrasjonsleiar Kirsten Grøteig

Rekneskap i balanse, men budsjettet i regionen var alt for optimistisk. Regionbidraget langt under fjoråret. Skuleprosjekt er vanskeleg å budsjetttere. Dette har ein vurdert å kutte frå oversikta for meir stabilitet. Fast gjevarteneste har gått opp. Vil slå eit slag for fast gjevarteneste. Dette gjev både fråtrekk på skatt og forutsigbarheit. Dei to gjenbruksbutikkane hadde nesten 1,8 millionar i inntekt. Med det er regionbidraget over 5 millionar. Stor takk til frivillige

### Kommentarar og spørsmål:

**Bård Hauge:** Kunne tenkt meg at det som vart presentert av administrasjonsleiar hadde blitt meir spesifisert, gjerne på skjerm, for å kunne forstå betre.

**Olav Rune Skultaberg:** Takk for tipset.

Vedtak: Årsmøtet tek rekneskapet til orientering.

## Sak 5 Val

Valet vart gjort i 2 omganger

### a) Regionstyret

Valt for 2 år i 2023: Nils Helge Friborg (Fjordane), Elin Ulveseth Minde (Øygarden)

**Valnemnda sitt forslag:** Kurt Arild Ohma (Sogn), Jan Håkon Reinemo (Bergen), Roald Viksund (Askøy), Runhild Øvreås (Fjordane)

Kandidatane til regionstyret vart presentert i alfabetisk rekkefølge av leiar av valnemnda, Jostein Moldsvor.

**Benkeforslag:** Ingen benkeforslag

### Kommentarar til kandidatane:

**Kristin Belt Skutlaberg:** Vil slå eit slag for Jan Håkon. Han er einaste frå Salem. Vi treng ei sterkt tilknyting mellom regionen og Salem. Ser også at Elin er einaste dame som sit igjen i styret, så vi må få inn ei dame til.

**Per Byrknes:** Oppfatta det slik at sittande styreleiar ikkje stiller til attval. Det bør ein ha i bakhovudet. Blei kjent med Jan Håkon gjennom NLM eigedom. Einaste ungdom i valet. Flott fyr, reflektert, har styr på sakene.

**Trond Kråvik:** Støttar det som er sagt om Jan Håkon. Veldig flott å få Salem med i dette. Kurt Arild som er nestleiar no gjer veldig mykje flott for å bygge arbeidet i Balestrand. Får folk med seg og er med å skape mykje fint.

**Fredrik Ree:** Vil og sei det er fantastisk at Jan Håkon stiller til val. Fantastisk å sjå at nokon yngre vil stille til val i regionstyret. Det må vi ta på alvor og få han inn.

**Steven Rob:** Vil støtte det Trond sa om Kurt Arild Oma. Har hatt gleda av å vere med han i styret. En person eg set stor pris på. Gjer ein kjempeinnsats, sjølv om han ikkje er den som snakkar høgast. Jan Håkon har eg og vore i styre med. Ein strukturert og god person. Synes og Runhild må vere med, vi treng fleire damer i styret.

**Avstemming:** 94 godkjente stemmer

**Valresultat for val til faste plassar:**

Kurt Arild Ohma	87
Jan Håkon Reinemo	93
Roald Viksund	20
Runhild Øvreås	82

**Faste medlemmer til regionstyret valt for to år:**  
Jan Håkon Reinemo, Kurt Arild Ohma, Runhild Øvreås

**Varaval:**

Varamannsvalet gjennomførast ved at det stemmest på 2 kandidatar. Den som får flest stemmer blir 1. vara.

Kandidatane vart presentert av Jostein Moldsvor.

**Kandidatar:** Roald Viksund vart med i varavalet då han ikkje vart valt som faste medlem til regionstyret. I tillegg stilte Hans Einar Markhus (Fusa og Samnanger) og Kjell Strømme (Hardanger) til varavalet

**Benkeforslag:** Ingen benkeforslag

**Avstemming:** 93 godkjente stemmer

**Valresultat til vara-plassar:**

Roald Viksund	50
Kjell Strømme	50
Hans Einar Markhus	86

**Følgande vart valde til varamedlemar:**

1. vara: Hans Einar Markhus
2. vara: Kjell Strømme (ved loddtrekning)
3. vara: Roald Viksund

**b) Barne- og ungdomsrådet**

Valt for 2 år i 2023: Jonatan Hurthi (Sogn) Ingebjørg Martinussen (Åsane)

**Valnemnda sitt forslag:** Hogne Berland (Øygarden), Maria Røysland Egeland (Bergen), Kristoffer Mjelstad (Bergen/Åsane), Jonatan Olsen (Fjordane), Hanne Nordpoll Soltveit (Nordhordland), Julie Vogelaar (Nordhordland)

Kandidatane til barne- og ungdomsrådet vart presentert av Jostein Moldsvor. Ein tek val og varaval under eitt.

**Benkeforslag:** Ingen benkeforslag

**Kommentarar til kandidatar:**

**Jonatan Hurthi:** Vil seie litt om dei to yngste som har blitt foreslått, Jonatan og Julie. Begge er elevar ved ein av skulane våre. Vi treng at det kjem unge inn i BUR. Julie er ein del av Ung-

Disippel. Å få ha med nokon som er ein del av det programmet vi driv kan vere veldig nyttig. Håpar vi får med oss nokon unge og ikkje alltid vel dei som har vore før.

**Christian Løkhammer:** Vil slå eit slag for Julie. Kjenner henne frå Ung-Disippel. Ung-Disippel er eit kjempestrategisk og viktig arbeid. Kan vere strategisk å få med nokon derifrå. Vil slå eit slag for Hogne, har drive eit godt og misjonalt arbeid i mange år.

**Malvin Ommedal:** Lurer på kvifor ein ikkje tek det i to valomgangar? Synes det er like naturleg her som i det andre styret.

**Kristin Belt Skutlaberg:** Sidan det ikkje er eigne kandidatar til varavalet, tenker eg ein må ta alt i eitt val. Tenker vi må stemme på dei fire siste, Hogne må komme over i regionstyret no.

#### **Avstemming på ein eller to valomgangar:**

5 stemmer i mot forslag frå dirigentbordet. Det vart difor berre ein valomgang.

**Avstemming:** 92 godkjente stemmer

#### **Valresultat til faste plasser i BUR:**

Hogne Berland	41
Maria Røysland Egeland	<b>51</b>
Kristoffer Ytre-Arne Mjelstad	<b>76</b>
Jonatan Olsen (Fjordane)	<b>61</b>
Hanne Nordpoll Soltveit	<b>64</b>
Julie Vogelaar	<b>75</b>

#### **Faste medlemmer i barne- og ungdomsrådet valt for 2 år:**

Kristoffer Ytre-Arne Mjelstad, Julie Vogelaar, Hanne Nordpoll Soltveit

- 1.vara:** Jonatan Olsen
- 2. vara:** Maria Røysland Egeland
- 3. vara:** Hogne Berland

#### c) **Valnemnd**

Kandidatane blei presentert av leiar i valnemda Jostein Moldsvor.

**Valt for 2 år i 2023:** Ingebjørg Hitland (Åsane), Jostein Moldsvor (Hardanger)

**Valnemnda sitt forslag:** Daniel Flaktveit (Bergen), Per Hilleren (Sogn), Trond Kråvik (Sogn), Øystein Mongstad (Nordhordland)

**Benkeforslag:** Ingen benkeforslag

#### **Kommentarer:**

**Ordstyrar:** Tek val og varaval i eitt val

**Trond Kråvik:** Ein bør prioritere å få inn ein Nordhordlending for å få breidde i valnemda. Det er eit viktig område i regionen.

**Avstemming:** 92 godkjente stemmer

**Valresultat:**

Daniel Flaktveit	89
Per Hilleren	27
Trond Kråvik	73
Øystein Mongstad	87

**Valt som fast medlem i 2 år:** Daniel Flaktveit, Øystein Mongstad og Trond Kråvik

**Valt til varamedlem i 1 år:** Per Hilleren

### **Sak 6 Lov for Misjonssambandet vest – godkjenning av endring**

Som følgje av at generalforsamlinga 2022 vedtok grunnregelendringar for å tydeleggjere ei åndeleg tilsynslinje i organisasjonen, utarbeida hovudstyret nye normallover som framlagt lovforslag er bygd på.

Regionleiar går gjennom forslag til hovedendring av lovene. Tilsynsråd blir først valt i 2025 når desse lovene vert vedtekne i dag.

#### **Kommentarar:**

**Kristoffer Mjelstad:** Kommentar til forslag til endring i lov om at regionstyret minimim skal holde 1 fellesmøte med BUR per kalenderår. Dette har ein hatt dei siste åra, og ein ser at det gir god innsikt for både BUR og regionstyret.

**Steven Rob:** Kan ikkje sjå noko problem med at det skal førast inn. Normalt har ein hatt 1-2 møter med BUR i året.

**Malvin Ommedal:** Ein kommentar til §3.6: Utsendingar frå lag og organisasjonar er heller ikkje veldig demokratisk valt i alle samanhengar. Kontaktane utgjer vel nesten halvparten av delegatane her. Tenker at kontaktpersonane burde hatt stemmerett.

**Per Byrknes:** Hugsar den saka. Vil sterkt anbefale at ein går for regionstyrets plan her. Trur det er meir demokratisk og ordentlig om ein gjer det slik at kontaktpersonar ikkje har stemmerett.

**Kjell Strømme:** Regionalt tilsynsråd skal sikkert veljast etter at Misjon25 har godkjent det. Dette blei vedtatt på GF sist, men stussar på at det skal være bare 2 valde tillitsmenn, at det er 2 som skal sitte som ein slags overdommar for alt som skjer i regionen. Når vi snakkar om demokrati synes eg det er litt tynt. Skal sannsynlegvis vere menn sidan dei skal ha saker regionstyret ikkje kan ta opp. I §13.3 synes eg det er underleg at ein ikkje i regionen skal få lov å røre ved noko som har med regionstruktur å gjere. Kvifor dette kjem med skjønar eg ikkje heilt. Synes det blir ei overstyring frå sentralt hold. Trudde det var det motsette ein skulle framelske; meir lokalt demokrati.

**Steven Rob:** Liten replikk til Kjell, at det ikkje blir meir demokratisk med regionalt tilsynsråd. Kan fortelle litt om prosessar. Å ansette ny regionleiar er ein stor prosess der ein er nøydt til å ha godkjenning frå hovudstyret, men no er dette ansvaret lagt til eit tilsynsråd. Det er nærmare på regionen enn sentralstyret. Trur det blir meir demokratisk.

**Erik Waaler:** Det blir sittande 3 i rådet, ikkje 2, då regionleiar blir sittande der og.

#### **Avstemming:**

Det må være 2/3 fleirtal sidan det er lovendring.

**Framlagt lovforslag frå regionstyret vart einstemmig vedtatt.**

## Sak 7 Regionen sin handlingsplan – til orientering

Det er vedtatt ein strategiplan på GF 22. Oppdelt i mål, delmål, tidsfristar og gjennomføring. Ein levnde plan som gjer at vi fører på etterkvart og tar ut etterkvart, men er for å konkretisere.

Hovudpunkta det er basert på: 1: Evangeliet til dei unådde. 2: Evangeliet til neste generasjon. 3: Ten kvarandre. 4: Elsk din neste. 5: Gjer disiplar 6: Nyskapande formidling. 7: Ansvarleg forvaltning. Kom gjerne med innspel!

## Sak 8 Samtale om arbeidet

**Stein Raunehaug:** I ein av dei første paragrafane står det om det vi skal satse på framover; vi skal forkynne Guds ord til vekking, omvending og frelse. Det er vi alle einige om trur eg. Men korleis skal vi gjere det? Vi må være så ærlege at vi seier at vi har nedgang i økonomien. Eg representerer Nordhordland, og vi har ein av de største nedgangane. Ein kan forklare fram og tilbake, men eg vil heller sei; vi treng hjelp. Vi treng meir misjonsforkynnelse, fleire besøk av misjonærar. Vi vil helst ha 2 misjonsmøter haust og vår for å få ein sterkare misjonsforkynnelse. Dette er allereie i arbeid. Mykje godt skjer i Nordhordland, men nokon av oss synes vi har for lite fokus på ytremisjon.

Paulus blei ikkje verande i Jerusalem, han var på reise. Ein skal arbeide for å få fleire evangelistar i Misjonssambandet. Når ein plasserer ein forkynnar, kanskje skal han få ta med ein ungdom - ei fyrstikke - som kan slå litt gnistar/engasjement. Kanskje kan det vere nedfelt i en paragraf. Det kan ikkje undervurderast å være med ein erfaren.

Vi treffer litt dårlig med årsmøtet: konfirmasjonshelg. Ei veke tidlegere hadde gjort susen.

**Kristin Belt Skutlaberg:** Vil slå eit slag for fast gjevarteneste. Må huske å justere gjevartenesten slik at den blir justert opp når ein har fått meir løn. Gjev ein forutsigbar økonomi for regionen. Oppfordrar alle til å teikne fast gjevarteneste. Alle som tilhører ei NLM-forsamling bør ha det. Er imponert over informasjonsavdelinga til Misjonssambandet. Det finst mykje misjonsinfo på Misjonssambandet si nettside. Møteleiar har vi et hav å velje mellom. Vi skulle gjerne hatt fleire misjonærar til å reise rundt, men det er og mykje som kan gjerast av møteleiar og talar gjennom info om månadens misjonsfelt. Konsekvensen av at vi sender ut fleire teltnakarar er at dei går inn i sine vanlege jobbar når dei kjem heim. Det kjem difor eit større ansvar for oss misjonsfolk til å oppretthalde misjonsgløden.

**Marit Samnøy Jøssang:** Om dei som er kontaktar kan bli inkludert, og om det er demokratisk. Foreiningar er forskjellige, både på kor ofte dei har møte og korleis dei jobbar. Viktig at foreininga får ut innkalling i god tid- med tydeleg oppfordring til leiar om at dette må takast opp i foreininga og inkludere dei andre. Mange har vore vane med at leiar reiser sjølv, men ein må være tydeleg på å snakke om det i foreininga og velje utsending. Vedtok no endå ei ny oppgåve for valkomiteen; skal finne kandidatar til tilsynsrådet. Vi har mange plassar vi skal ha folk til styre; lokalt, leirplassar, skular, region etc. Det å jobbe klokt i en valkommite og jobbe grundig nok er en viktig bit, og kanskje noko vi burde snakka meir om. Dei som no er valt til valkomité har ei stor oppgåve. Det å få rett folk til rett plass og få tak i dei vi ikkje kjem på, er ein jobb vi må hjelpe kvarandre til.

**Olav Rune Skultaberg:** Vi har begynt med eit arbeid på regionkontoret med å hjelpe valkomiteen til å finne folk med ulike utdanningar og erfaring.

Innspel om tidspunkt for regionkonferanse: Til neste år blir det 4.-6. april i Salem. Blir ein hektisk periode mellom nyttår og regionårsmøtet. Vi må sende ut dokumenta minst 3 veker før regionårsmøtet. Oppfordrar misjonsforeiningane til å ha eit møte litt under 3 veker før årsmøtet, då har dei fått dokumenta og kan snakke om sakene.

Har SIGNAL app i misjonen. Ønsker du info om sensitiv arbeid, snakk med Martha for å bli godkjent.

**Kristoffer Mjelstad:** Står mykje flott om leirstadane i årsmeldinga. Ligg brosjyrar bak. Er behov for folk rundtom. Mykje godt arbeid og vekst. Stigande tal på leirdeltaking og fleire opplever god økonomisk situasjon. Ta med alle leirstadane og dei som driv dei i bøn.

**Jostein Moldsvor:** Takk til alle som har stilt til val. Glad for alle som svarer ja. Vil oppmunstre kvinner til å seie ja når dei blir spurt. Godt med drahjelp vidare. Kommentar til Kristin: Ja, bind

dykk til fast gjevarteneste. Har gått inn på INDEX regulering, så slepp ein å tenke på lønnsoppgjer. Hugs at ein får 25000,- i året i skattefrådrag. SIGNAL-app er fantastisk.

**Jonatan Hurthi:** Prisverdig å få årsmøtet tidlegare neste år. Kristen-Norge og Misjonssambandet er med å bygge opp og fram dagens unge leiarar. Å få stå på ei scene og snakke på leir, eller vere leiar, er erfaringar ein tek med seg. Vil utfordre deg som sit her til å tenke på kva ungar du har i forsamlinga som ikkje har blitt utfordra? Vil sei tusen takk for at vi har starta opp Ung-Disippel. Må sjå breiare og ha lokal leiartrening innad i forsamlinga.

**Steven Rob:** Brenn for strategiplanen som er blitt utarbeida i Misjonssambandet. Håpar de brukar den i småforeiningane dykker. Eit fantastisk verktøy. Eit prakteksemplar på korleis ein strategiplan skal gjerast. Kan brukast i småfellesskap, forsamlingar, regionen. Ta dykk tid til å sjå på den.

**Roald Viksund:** Leste om ein misjonsmann som hadde mista dottera, men ingen i forsamlinga fanga det opp og tok han inn i ei sorggruppe. Vi er mange eldre i forsamlingane våre og vi har ulike livssituasjoner. Vi må ta vare på kvarandre. Ikkje gløym det diakonale ansvaret vi som misjonsforsamling får meir og meir. Tidlegare blei det ivaretatt av kyrkja, no får forsamlingane meir ansvar. Må ikkje bli slik at dersom vi som misjonsvenner blir sjuke, er det ingen som hugsar på oss. Hugs dei på sjukeheim, kven skal besøke dei?

**Erik Waaler:** Er utruleg privilegert som er styreleiar i pTro. 3 lokalradioar er større en pTro. 38900 hører på pTro jevnleg. Ein enorm mulegheit. Gled dykk over pTro og hør på det. Variert radio, skal nå ut til heile Noreg. Ta kontakt og del gjerne gode historier. Har eit enormt nedslagsfelt og masse lyttarar. Legg ikkje skjul på kva det er; ein kristen radio.

**Hildegunn Norbakken:** Vil skryte av Ung-Disippel, Ung-konfirmant og Ung- etterfølgar. Fleire ungdommar frå regionen møtast. Utruleg fint! Be for dei unge leiarane som er med og betyr noko viktig for ungdommen. Får vere med i ei sårbar tid og skape identitet og tryggleik. Trusreiser er viktig og lett å ta for gitt. Flinke til å lage nye leirkonsept, og kjekt å sjå tala. Jobbar som diakon i kyrkja. I kyrkja kan ein ikkje sei at ein går i ei NLM-forsamling og omvendt. Ser at i kyrkja er det og mange som treng å møte Jesus. Må ikkje gløyme mangfaldet. Misjonssambandet må vere meir frimodig når det gjeld å vere med på fellesarrangement. Vi treng Misjonssambandet i den Norske kyrkja og synleg i lokalsamfunnet.

**Terje Frafjord:** Vi har to flotte gjenbruksbutikkar på Askøy og i Åsane. Ta en kikk på dei og kom på besøk. Vi har veldig gode inntekter, men vil framheve er at dette er eit lavterskel-tilbud. Har mange flotte medarbeidarar som ikkje går i kyrkje eller bedehus. Der blir dei kjent med oss, bryter ned terskelen, og det blir lettare å komme inn på bedehuset. God strategi for å nå ut til unådde. Veldig sosialt. Kjekt å komme å jobbe. Oppfordrar dykk til å bli med! Ta kontakt.

**Olav Rune Skutlaberg:** I Salem har vi Salem nærmiljøsenter, halvveis eigm av Salem og regionen. Kanskje kan ein starte ei sorggruppe der? Tar med oss tipset.

Takkar av Kristian Gangstø. Raus medarbeidarar, trufast og med godt hjertelag. Takk for at du var lydig mot kallet Takk for at du ikkje døvvde uroa når Gud sa ”følg meg”. Vi har vore i ein pressa økonomisk situasjon. For å gi plass til unge arbeiderar har Kristian takket ja til å tre til side som lønna forkynnar, og gå over til frivillig forkynnar. Har gjort mykje, har hatt fokus på å nå den enkelte, og har klart å bruke den digitale bibelen. Hjertelig takk for ditt storsinn!

Takkar av Steven Rob. Erfart Steven som ein ryddig og dyktig medarbeidar som har styrt regionen på ein ryddig måte og ikkje gått snarveier. Hjertelig velkommen tilbake!


**Steven Rob:** Åre og stort å få vere leiar. Har hatt våre diskusjonar. Har hatt stor takhøgd for å diskutere og bli einig. Har vore ein befreielse å kunne støtte seg til dei andre som sit i styret.


## Helsing frå hovudstyret v/HS-medlem Robert Mulelid

Vore i i hovudstyret sidan 2018. Har eit ønske om at vi skal reise litt rundt og få sett oss om, og møtt misjonsfolket. Glad for å få komme hit til Vest. Har ikkje vore bare enkelt å være utsending frå hovudstyret og stå på ein talarstol dei siste åra –mykje å kommentere. Bare eit par dagar sidan Misjonssambandets mest profilerte tilsette, Espen Ottosen, valde å sei opp stillinga. Dette var hans eige val, og det må vi respektere. Hans rolle i konservative kristen-Norge vil bli ivretatt i hans nye


jobb. Kan i Dagen få inntrykk av at Misjonssambandet har stått i ein permanent storm dei siste åra. Mitt inntrykk er at det stormar meir i avisene enn i dei lokale fellesskapa og organisasjonen generelt. Må ta inn over oss at det er ulike syn i organisasjonen. I det siste har misjonærbarnsaka vore i fokus. Hovudstyret tenker det er bra det er satt på agendaen igjen. Feil å hevde at Misjonssambandet ikkje har tatt dette på alvor tidligare, men ein har nok ikkje lukkast med det. Mange sår er ikkje blitt lega. Glad for at leiinga i Misjonssambandet har fått til ein god dialog med "Sendt bort". Som organisasjon liker vi å snakke om alt vi får til og som er bra, men vi skal også kunne handtere vår problematiske side. Oppfordrar til å lese Gunnar Bråthens siste leiar i Utsyn. Ta med Bråthen og leiargruppa i forbøn. Viktig å hugse at mediestormen kan ha ulik effekt. For leiinga kan ein rydde opp i fortida, men gløyme notida. Ein kan gløyme at det skjer mykje positivt i Misjonssambandet. Gjenbruksbutikkane genererer meir en 50 millionar i inntekt i året. Ei suksesshistorie. I tillegg til inntektene har dei og ein bieffekt- skapar møteplassar, ein arena der andre som står på sida av arbeidslivet kan få oppgåver. Ein misjonsstasjon i nærmiljøet. I fjor blei det gitt tilskot på over 30 millionar til fleire skular for at dei skulle klare eigenkapitalkrava. Situasjonen er ikkje over, men fleire av skulane som hadde trøbbel opplever no auka søkartal og elevtal- takkeemne. Stor misjonærflokk på feltet- 120 voksne og 115 barn. I løpet av sommaren skal mange heim, men 20 nye står klar til å reise ut. Hugs på dei i bøn. Hugs og på at det ikkje er gratis å drive misjon- alt er blitt dyrare ute og inne. Vi må auke gjevartenesta vår. Vil takke for gjevartenesta. Kva er limet i Misjonssambandet? Det ligg i namnet- eit samband, eit fellesskap med fokus på misjon. Misjon er limet i arbeidet vårt, det som gir eigenarten. Både sjarmerande og frustrerande at Misjonssambandet kan vere så ulikt frå plass til plass, men uansett er det misjon som står i fokus. Det skal markerast på neste GF. Blir ikkje profilert som GF 2025, men som Misjon 2025. Håper de set av tid til å vere med. Vil nytte anledninga til å komme med eit bibelvers frå Josva 1,9. Han er med overalt! Ta med dykk det inn i kvardagen, og lykke til med arbeidet i region Vest.

Referantar:

  
Hanne Nordpoll Soltveit

  
Malvin Ommedal

Protokollunderskrivarar:

  
Sidsel Haaland

  
Bård Hauge